

Saman kan vi halde kostnadane nede

HUGS Å OPNE EMBALLASJEN

Gratis sekk til restavfall

SJEKK UT MIDTSIDENE

Oppgåver for små miljøagentar

TIPS TIL INNPAKNING SOM KAN GJENVINNAST

Pakk deg til premie!



OPNINGSTIDER

Miljøstasjonane

Mjølstadneset

Måndag-torsdag kl. 12.00-19.00

Fredag kl. 08.00-15.00

Myklebustmyrane

Tysdag kl. 14.00-19.00

Torsdag kl. 14.00-19.00

Saunesmarka

Måndag-torsdag kl. 10.00-17.30

Fredag kl. 08.00-15.00

Greinplassen Eidet (sesongope)

Måndag-torsdag kl. 12.00-19.30

Fredag kl. 08.00-15.00



– Dyrt å vere sløv!

Andrea Øien Sæverud

Dagleg leiar i SSR

Det er freistande å kaste noko «rett i båset» utan å tenke sortering, ikkje sant? Den deilige kjensla av å vere kvitt noko du ikkje vil ha lenger.

Men kvar gong du kastar noko utan å bry deg om sorteringa, så flaksar det litt ekstra pengar ut av både di og naboen si lommebok.

Å sende usortert avfall til forbrenning, kostar nemleg hundrevis av kroner per tonn. Hadde avfallet heller vore sortert og resirkulert, kunne vi i beste fall fått betalt for noko av det.

Sorterer du smart, er du altså med på å halde både dine eigne og fellesskapet sine kostnader nede.

Takk for at du gjer din del – til det beste for både lommeboka di og jordkloden vår.

Kven vil du vere?



Smartingen

Smartingen sorterer og held dermed kostnadane til avfallsbehandlinga nede. Det kjem alle på Søre Sunnmøre til gode! Materiala blir då resirkulerte, og vi slepp å bruke meir vatn, sand, metall, skog, olje og areal frå jorda enn nødvendig.



Sløvingen

Sløvingen orkar ikkje å tenke på sortering. Alt går i restavfallet og dermed opp i røyk. Det same gjer tusenlappane som innbyggjarane i Hareid, Herøy, Ulstein og Sande kunne spart på å heller sortere og gjenvinne råvarene.



Med stadig høgare CO₂-avgift på avfall som går til forbrenning, lønner det seg meir enn nokon gong å sortere meir og kaste mindre. Dersom alle vi som bur i SSR-kommunane klarer å kaste 10 prosent mindre restavfall og grovavfall, vil vi til saman spare ca. ein halv million kroner i året.



Kan julesekken vare heilt til påske?

Ok, det er kanskje litt optimistisk, men ekstrasekken som følgjer med denne brosjyren kan vere grei til alt av julegåvepapir og anna som faktisk må i restavfallet. For sjølv om det er best å kaste minst mogleg, skal vi framleis ha gode ordningar for det du treng å kvitte deg med. Sekken set du ved sida av dunken på hentedagen for restavfall. Treng du fleire, får du kjøpt slike sekkar på miljøstasjonane våre. Og så håpar vi du kan spare denne så lenge du klarer, om ikkje heilt til påske :-)

Set ein strek frå avfallet til det du trur er rett sorteringsmerke!



	Plastemballasje
	Matavfall
	Metallemballasje
	Tekstilar
	Elektronikk
	Papp, papir og drikkekartong
	Restavfall
	Glasemballasje
	Metall

Følg tala med ein blyant og sjå kva som dukkar opp! Kanskje vil du fargelegge til slutt?



Klarer du å hjelpe SSR-bilen å finne rette vegen til miljøstasjonen?



Då får du svaret på noko du finn i denne brosjyren.
Send løysingsord, namn, alder og adresse til konkurranse@reinholdsverket.no
– og du kan vinne ein premie! Frist: 20. desember.



For små
miljøagenter

**Vinn
premie!**

3 tips til miljøvenleg innpakking av julegåver

1



FOR DEN EFFEKTIVE

Overflødig tapet eller brukte papirposar

Anten du har restar av tapet, gamle papirposar, aviser eller teikneseriar – så kan dette bli ei innpakning som sparar miljø og lommebok! Har du gammalt papir som har fått seg ein brett for mykje, kan du krølle saman heile papiret før du pakkar inn.

FOR DEN EKSKLUSIVE

Skjerf, putevar eller andre stoffrestar

Ofte har vi liggande tekstilar som aldri blir brukte, men som kan passe ypparleg til innpakning! Pakk inn på vanleg vis med hyssing rundt, eller du kan leike deg med den japanske stilen “Furoshiki” der du brettar tøystrykket rundt og knyt saman det heile med dobbel knute – då slepp du også gåveband. Dette kan brukast fleire gongar, og dermed spare miljøet i fleire rundar.

2




3



FOR DEN KREATIVE

Gamle pappesker med nytt liv

Er du av den kreative typen, eller kanskje har born i hus, kan ei brukt skoeseke eller andre passande pappesker brukast til å pakke inn, og få nytt liv med litt maling. Her er det berre fantasien som set grenser, og sjølv innpakninga blir både personleg og ei gåve i seg sjølv.



KONKURRANSE

Vinn gåvekort til ein verdi av kr. 3000,-


Pakk inn ei julegåve eller to i eit materiale som kan resirkulerast og ta bilde! Send bildet til konkurranse@reinhaldsverket.no, eller del bilde på Facebook eller Instagram med #ssrpakken. Vinnaren blir trekt 23. desember, og får eit gåvekort frå eit lokalt kjøpesenter til ein verdi av 3000 kroner!

Konkurransevilkår

Du må vere over 18 år for å delta. Tilsette ved SSR kan ikkje delta i konkurransen. Konkurransen startar 1. desember og blir avslutta 20. desember 2024. SSR vil trekke ein vilkårleg vinnar 23. desember blant dei som har sendt inn bilete av miljøvenleg innpakning eller delt bilete med #ssrpakken på sosiale media. Pakken skal vere pakka inn av innsendaren sjølv. Vinnaren blir annonsert på våre Facebook-sider og vert kontakta per epost og/eller telefon. Dersom SSR ikkje lykkast med å nå vinnaren innan to veker frå trekningsdato, vil ny vinnar bli trekt. Den første som vart trekt ut vil samtidig miste retten til å motta premie. Behandling av personopplysningar i samband med deltaking i konkurransen, vil vere i samsvar med personvernerklæringa for SSR (reinhaldsverket.no/personvern).


Svarfrist: **20. desember 2024**

Greitt å vite




Hentekalender

Med gratisappen Min Renovasjon får du varsel kvelden før om kva dunk du skal sette ut. Du får også oversikt over returpunkta for glas- og metallemballasje, kleskonteinarane og miljøstasjonane. Om du heller ønskjer å ha hentekalenderen på papir, finn du han på reinhaldsverket.no.



Tomt for sekkar?

Når du er i ferd med å gå tom for sekkar for plastemballasje eller matavfall, kan du knyte ein pose på den dunken det gjeld. Då vil renovatøren legge igjen ein ny rull til deg. Du kan elles hente nye sekkar på ein av miljøstasjonane våre.



Nyttige tips på sortere.no

På nettsida sortere.no og appen Sortere får du nyttige tips som gjer det enklare å kjeldesortere. Her får du praktiske råd til både sortering, gjenbruk og korleis kaste mindre.



SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS
firmapost@reinhaldsverket.no
Tlf: 70 00 70 50 Telefontid: 09.00-15.00
(stengt 12.00-12.30 grunna lunsjpause)



@reinhaldsverket



facebook.com/reinhaldsverket



reinhaldsverket.no